



Alver kommune
Nordhordland og Gulen interkommunale brannførebyggjande avdeling

FOREININGA FJON FJELLKYRKJE OG UNGDOMSSENTER
Indre Haugsdal 75
5984 MATREDAL

Dykkar referanse	Vår referanse	Sakshandsamar	Dato
	2025/8934-2	Gjert Holtan	04.11.2025

Brannsynsrapport

Namn på objektet:

Objektreferanse: Branntilsyn Fjon Fjellkyrkje

NGIB har i etterkant av tilsyn utført måndag 27 oktober , laga ein tilsynsrapport. I rapporten finn du eit samandrag frå tilsynet og dei eventuelle avvika som blei funne.

Vi må ha skriftleg tilbakemelding frå deg om korleis og når du skal rette feil og manglar som er funnet hos deg. Dette er i tråd med brann- og eksplosjonsvernlova § 33.

Dersom det er avvik, kommentarar eller merknader i rapporten som du ikkje kjenner igjen med tilstanden i bygget eller verksemda, kan du skrive dette i tilbakemeldinga.

Frist

Svar må sendast, innan 30 dagar etter at rapporten er motteken. Send svar via

- eDialog (elektronisk) <https://svarut.ks.no/edialog/mottaker/978606865>
- Epost post@alver.kommune.no
- Papir: Alver kommune - NGIB, Postboks 4, 5906 Frekhaug

Tilsynsrapporten er å anse som eit førehandsvarsel etter forvaltningslova § 16, og du som part i saka vert med dette gitt rett til å uttale deg før endeleg vedtak/pålegg vert gjort. Ved manglande tilbakemelding innan fristen, kan du få pålegg om utbetring, mulkt, førelegg/tvangsgjennomføring eller forbod om bruk etter Brann- og eksplosjonsvernlova.

Aktuelt regelverk

- Brann- og eksplosjonsvernlova
- Forvaltningslova
- Forskrift om brannforebygging (førebyggandeforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetssarbeid i virksomheter (Internkontrollforskrifta)

Alver kommune
Postboks 4, 5906 FREKHAUG
Telefon: 56375000 | Org.nr.: 920290922 | post@alver.kommune.no |
www.alver.kommune.no



Med venleg helsing

Nordhordland og Gulen interkommunale brannförebyggjande avdeling

Med helsing

Gjert Holtan
Ingeniør
gjert.holtan@alver.kommune.no
40803588

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ikkje handskriven signatur

Kopi til:

MASFJORDEN KOMMUNE

Mottaker:

FOREININGA FJON FJELLKYRKJE OG UNGDOMSSENTER



Tilsynsobjektet: Fjon Fjellkykje

Gards- og bruksnummer:

Adresse: Indre Haugsdal 75

Poststad: 5984 Matredal

Eigar: FOREININGA FJON FJELLKYRKJE OG UNGDOMSSENTER

Med på tilsynet

NGIB: Gjert Holtan, branninspektør og Ingrid Øksnes, branninspektør

Eigar: Knut Fyllingsnes

Brukar: Knut Fyllingsnes

Samandrag

Fjon Fjellkyrkje ligg fint til øvst i Haugsdal. Fjellkyrkja nyttast av til samlingar av ulik karakter til dømes konfirmant undervisning samt utleige til privatpersonar og andre.

Fjellkyrkja har brannalarmanlegg og gode rømingssvegar for det meste direkte ut til det fri

Frå andre høgda er det røming ut på tak, tekket med torv og vidare ned til terreng. Ved overnattingsgjestar som nyttar golvet på mesanin organiserast det vaken nattevakt. Dette er bra.

Fjellkyrkja har inngått og kan dokumentera eksterne avtalar for kontroll av alarmanlegg og sløkkjeutstyr. Internkontroll derimot lyt oppgradersat og dokumenterast betre enn i dag.

Det er utarbeid ROS analyse for drifta va kyrkja, men det lyt oppdaterast.

Alt i alt er Fjon Fjellkyrkje godt vedlikehalden og driftast på ein sikker måte og NGIB finn difor ikkje grunnlag for å ilegge avvik. Nokre merknader vert likevel gjeven og NGIB ønskjer ein tilbakemelding på korleis dei vert handsama og lukka.

Innhald

Føremålet med tilsynet.....	3
Merknader	5

Føremålet med tilsynet



Føremålet med tilsynet var å vurdere om eigar/verksemda arbeidar systematisk med branntryggleiken, samt helse-, miljø-, og tryggleik. Brannvesenet legg vekt på ein heilskapleg vurdering av alle forhold som kan påverka sannsynet for at brann bryt ut og konsekvensar av ein brann.

Vi gjer deg merksam på at tilsynet er ein stikkprøvekontroll og avvik og merknadar ikkje er utfyllande. Det er eigar si plikt å syta for at brannobjektet er bygd, utstyr og vedlikehald etter gjeldande lovverk.

Tilsynet omfattar mellom anna undersøking av:

- at brannobjektet er bygd, utstyrt og haldt ved like i samsvar med gjeldande lovar og forskrifter om førebyggjande brann.
- at eigar/verksemda si internkontroll innan branntryggleik er formålstenleg for å nå måla innan brannvern
- at bruken av brannobjektet samsvarar med føresetnadene for bygget.
- at verksemd og eigar har utarbeida ein risiko- og sårbarheits analyse (ROS).

Visar til «Følgjebrev til tilsynsrapport» om tilbakemelding og frist for tilbakemelding, samt reaksjonsformer ved manglande tilbakemelding.

Aktuelt regelverk

- Brann- og eksplosjonsvernlova
- Forvaltningslova
- Forskrift om brannforebygging (førebyggjandeforskrifta)

Forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemdar (Internkontrollforskrifta)

Generelle krav til aktsemd

Alle har plikt til å vise forsiktighet ved gjennomføring av aktivitet som kan føre til brann. Aktivitet som kan føre til brann kan for eksempel vere bruk av levande lys, matlaging på komfyr, gjere opp eld(eingongsgrill, bål- og peisinnretningar, skylanterne og handsaming av brannfarleg avfall) og bruk av andre produkt som kan sjølvantenne. Gjeld og skogsdrift, sveising og liknande.

Alle har ein plikt til å vurdere risikoen for brann og å stoppe aktivitetar som medfører risiko, eller ta førehandsreglar for å minimera risikoen.



Merknadar

- Merknad 1 Instruksar og planar lyt oppdaterast, her under oppslag om persontal.
- Merknad 2. Det lyt utarbeidast eit eige skjema for eigenkontroll, lyt innehalde kva ein skal ettersjå, interval og i kva omfang. Internkontroll skal kunne dokumenterast ved komande tilsyn.
- Merknad 3. ROS analyse lyt oppgraderast og kunne leggjast fram ved tilsyn.